
Saknr: 2020/40405-2
Saksbehandlar: Barbara Irene Harterink

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		16.04.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		20.04.2020
Fylkesutvalet		30.04.2020

Erasmus+ strategisk partnerskap YESpecialists – entreprenørskap blant ungdom i rurale strøk

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ser på entreprenørskap blant unge i rurale strøk som eit viktig satsingsområde og som det er trong for å utvikle ny kunnskap og nye arbeidsmetodar for gjennom internasjonalt samarbeid.
2. Fylkesutvalet er positiv til at fylkesrådmannen sender ein søknad om EU-midlar til Erasmus+ prosjektet YESpecialists, kor Vestland fylkeskommune er prosjektleiar.
3. Fylkesutvalet ber om å få endeleg prosjektsøknad framlagt som referatsak til neste møte.

Samandrag

Fylkesrådmannen planlegg å søkje EU-midlar til prosjektet «YESpecialists», for å styrke entreprenørskapsundervisninga for skuleelevar og unge vaksne i Vestland. Det overordna målet er å oppretthalde busetjing i distriktet. Vestland fylkeskommune er prosjektleiar og utviklar søknaden saman med fem andre regionar i Europa. Det er eit nyskapande prosjekt med fokus på moglegheitene som ligg i det grøne skifte, digital teknologi, lokalsamfunnet og sosialt entreprenørskap.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen planlegg å søkje midlar frå EU sitt opplæringsprogram Erasmus+ til prosjektet YESpecialists - entreprenørskap blant unge i rurale strøk, for å styrke entreprenørskapsundervisninga i Vestland og å oppretthalde busetjinga i distrikta. Vestland fylkeskommune er medlem av EarlAll (European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning), kor regionale styresmakter samarbeider om EU-prosjekt knytt til livslang læring. EarlAll har spurd Vestland fylkeskommune om å vere prosjektleiar. Dei andre partnarane kjem frå Italia (Toscana, Trento), Kroatia (Varaždin), Danmark (Midtjylland) og Frankrike (Centre Val de Loire).

Prosjektsøknaden er ikkje ferdig utarbeidd, men vi legg saka fram allereie no for å få tilslutning til å jobbe vidare med prosjektideen. Det vil ikkje bli tid til å leggje fram endeleg prosjektsøknad før søknadsfristens utløp, som er den 7. mai. Fylkesrådmannen vil leggje fram endeleg søknad som ein referatsak til neste møte i fylkesutvalet og hovudutvala.

I dette prosjektet blir det lagt opp til eit tett samarbeid mellom Avdeling for innovasjon og næringsutvikling og Avdeling for opplæring og kompetanse i prosjektperioden. Avdeling for innovasjon og næringsutvikling vil vere prosjektleiar.

Målsetting med prosjektet

Erasmus+ prosjektet «YESpecialists - entreprenørskap blant unge i rurale strøk» har som mål å auke tal unge entreprenørar i distriktskommunar for å oppretthalde busetjing i distriktet, gjennom å styrke entreprenørskapsundervisninga. I dette prosjektet vil det bli utvikla og testa ut fleksible entreprenørskapsmodular, som lærarar og ungdomsarbeidarar kan bruke i arbeidet med skuleelevar og unge vaksne. Modulane skal ha stor fokus på moglegheitene som ligg i det grøne skifte, digital teknologi, lokalsamfunnet og sosialt entreprenørskap. Både dei direkte målgruppene (lærarar/ ungdomsarbeidarar) og dei indirekte (ungdomane 16-21 år) vil vere aktive samarbeidspartnarar i dette prosjektet, og vere med å samskape produkta. Med dette prosjektet er det mellom anna ønskeleg å nå ut til ungdomar utan arbeid/skuleplass og framandkulturelle ungdomar som bur i distriktskommunar.

Fordelen med europeisk samarbeid er for det første at EU-midlane finansierer tiltak som er forankra i våre eige regionale planar; i tillegg til at regionane kan overføre gode døme til kvarandre, sjølv om vi arbeider med ungdomsgrupper og lokalsamfunn med ulike utfordringar. Det er hard konkurranse om EU-midlane i Erasmus+ programmet og det er viktig å kome med ein nyskapande prosjektide. Det innovative i dette prosjektet er at vi legg opp til eit tett samarbeid mellom lærarar og ungdomsarbeidarar, høg ungdomsmedverknad i produksjonen av desse undervisningsmodulane, og fokus på sosialt entreprenørskap, det grøne skiftet og digitalisering.

Finansiering

Dette er eit Strategisk Partnerskap - innovasjonsprosjekt på 24 månadar, og vi søkjar EU-finansiering gjennom Erasmus+ Aktiv Ungdom programmet. Søknadsfrist: 7. mai 2020. Vi søker på eit totalbudsjett på 220.000 euro, der rundt 400.000 kroner går til Vestland.

Prosjektleiing:	120.000 NOK
Utvikling av entreprenørskapsmodular/handbok:	170.000 NOK
Kurs av lærarar/ungdomsarbeidarar:	60.000 NOK
Partnarmøter	40.000 NOK
Sluttkonferanse:	10.000 NOK

Endeleg tal vil ikkje vere klare før prosjektsøknaden er skrivi ferdig, saman med EarlAll sekretariatet og dei europeiske regionane. Frem til søknadsfristen 7. mai, vil vi mellom anna lage konkrete arbeidspakkar som vi kan delta i saman med den regionale partnerskapen.

Alle utgifter til reise og opphald blir dekkja av prosjektet.

Regional partnerskap

Den regionale partnerskapen i Vestland vil omfatte to yrkesskular i distriktskommunar i Vestland og Ungdommens fylkesutval. Vi vil leggje vekt på å velje skular i kommunar som har problem med fråflytting. Andre potensielle regionale samarbeidspartnarar er distriktskommunar, Ungt

Entreprenørskap, Hordaland Røde Kors, Høgskulen på Vestlandet, næringshagane, inkubatorar, næringsforeningar, Impact Hub, lokalt næringsliv og NAV.

Forankring av prosjektet

Fordelen med å vere prosjektleiar er at Vestland fylkeskommune kan utvikle prosjektideen ut ifrå vår region sine behov og styre prosjektet i den retninga vi vil, meir enn vi kunne ha gjort som vanleg partner.

Med dette prosjektet ønskjer Vestland fylkeskommune å medverke til å oppretthalde busetjing i distriktet, gjennom å auke aktiv ungdomsdeltaking i lokalsamfunnet og styrke skaparlysten til unge vestlendingar. Prosjektet er forankra i Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling sine prioriteringar som at «Vestland fylkeskommune skal stimulere til entreprenørskap og innovasjon i heile regionen». Målet er å få fleire gode gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø i fylket vårt. Som aktuelle tiltak er nemnt: «Stimulere til gründerkultur i utdanningsløpet frå barneskule til universitet», og «å utløysa verkemidlar frå europeiske utviklingsprogram». Under kapittelet Kompetanse og karriere, står det: «ta i bruk alle ressursane i befolkninga, til dømes innvandrarak og ungdom som har falle ut av vidaregåande skule og arbeidslivet.» Vidare står det under Entreprenørskap og nyskaping: «stimulere til gründerkultur i utdanningsløpet og til sosialt entreprenørskap.»

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i saker som leggjast fram for meir enn eitt hovudutval.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Alle kostnader blir dekkja av prosjektet og får ikkje budsjettmessige konsekvensar. Eigne arbeidstimar utgjer eigenandel i prosjektet.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Deltaking i arbeidslivet er ein av dei viktigaste faktorane for god folkehelse.

Regional planstrategi: Prosjektet vil bidra til målet om Like moglegheiter til å delta i verdiskaping og Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv.

Konklusjon

Målet med prosjektet er å oppretthalde busetjing i rurale strøk gjennom auka entreprenørskap blant unge. Prosjektet er forankra i Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020. Gjennom europeisk samarbeid får Vestland fylkeskommune både tilført EU-midlar og utveksle gode døme i forhold til entreprenørskapsundervisning med fem andre regionar i Europa.